

# Samarbeidsnemnda i norrøn filologi, møte 2. desember 2022

Universitetet i Oslo, kl. 11–16 (seinast). Møterom 389 i P.A. Munchs hus (3. høgda) på Blindern.

## Sakliste

1. Korte rapportar frå lærestadene. Kva skjer? (Sjå rapportar i vedlegg 1; resten presenterer munnleg.)
  - a. Fagmiljøet (tilsette inkl. stipendiatar)
  - b. Undervisinga (fagtilbod, studenttal)
  - c. Forskinga (sentrale prosjekt)
2. Kjeldeskriftkommisjonen
  - a. Orientering om arbeidet; sjå referat i vedlegg 2.
  - b. Nominering av nye representantar. Samarbeidsnemnda føreslår fire norrønfilologar og to runologar; Arkivverket står for oppnemninga.
3. Kristel fortel litt om arbeidet ved Kulturhistorisk museum
4. Orientering om pågåande prosjekt
  - a. Skaldediktprosjektet ved UiO/UiS
  - b. Diplomprosjektet til Menota
  - c. Modes of Modification (med etterhald)
  - d. Utgjeving av gamalnorske tekstar?
5. Samarbeidsnemnda
  - a. Val?
  - b. Er det noko me bør engasjere oss samla i?
  - c. Bør me utnytte nettsidene betre, t.d. opprette ei samling med nyttige nettressursar kvar av oss kjenner til?
6. Open diskusjon om norrønfilologien og forskingssamarbeid.

## Praktisk informasjon

Me reknar med at alle har vore på Blindern før, men i alle fall: Ein tek t-bane nr. 4 eller 5 til Forskningsparken, ev. trikk nr. 17 eller 18 til «Universitetet Blindern». Møterommet (PAM 389) er i 3. høgda i P.A. Munchs hus, inn til høgre heilt i enden når ein kjem opp troppa og gjennom glasdøra frå Niels Treschows hus.

Me planlegg sosialt samvær etter møtet for dei som vil vera med på det, med høve til å eta middag.

## Vedlegg 1: Rapportar frå lærestadene

Nokre lærestader har levert skriftleg rapport på førehand; dei følgjer her. Resten presenterer munnleg og blir inkluderte i referatet.

### UiT Norges arktiske universitet (UiT) v/Endre Mørck

Etter at Endre Mørck gikk av som professor i norrøn filologi ved utløpet av 2019, er det ikke lenger noen stilling i norrønt eller eldre språk ved UiT Norges arktiske universitet. UiT går derfor ut som medlem i samarbeidsnemnda.

Alle nordiskstudentene (ved Institutt for språk og litteratur, gjelder ikke norskfaget i lærerutdanninga ved Institutt for lærerutdanning og pedagogikk) måtte tidligere ta et innføringsemne i norrønt og språkhistorie med Arne Torp & Lars S. Vikør: *Hovuddrag i norsk språkhistorie* og (de viktigste delene av) Odd Einar Haugen: *Norrøn grammatikk i hovuddrag* pluss 2,5 sider norrøn tekst som pensum. Dette emnet er nå erstatta av et emne om språkhistorie og talemål der pensumet i eldre språk er Ivar Berg: *Språket som vart norsk. Språkhistorie frå urenordisk til 1800-talet*.

Tidligere blei det fra og til gitt mastergradsemner i eldre språk med vekt på syntaks. I en periode har det også vært et obligatorisk fordypingsemne på bachelorgradsnivå i nordisk språkhistorie. I siste versjoner av studieplanene er det imidlertid ingen slike faste emner i eldre språk.

### Høgskulen på Vestlandet (HVL) v/Ingvil Brügger Budal

Eldar Heide tok over som representant etter Kristel Zilmer i 2019. Ingvil Brügger Budal er vara. Det er elles ein norrønfilolog (Ugnius Vizgirda Mikucionis) ein engelskfilolog med mellomalderbakgrunn (Heidi Støa), tre mellomalderhistorikarar (Bente Opheim, Meinrad Pohl, Pål Berg Svenungsen), og ein lektor med norrønbakgrunn (Torbjørn Andersen) ved HVL.

Undervisning om norrønt ved HVL fell innanfor språkhistorie i grunnskulelærarutdanningane. I praksis får ein forska på kva ein vil. Signalar som kjem frå leiinga er tvitydige. På eine sida skal ein primært forska på tema som er direkte relevante for lærarutdanningane. Forskningsmiddel vert i hovudsak kanaliserte via forskargruppene – som i seg sjølv primært er didaktiske. På hi sida er alle forskingspoeng velkomne, ikkje minst pga. universitetsambisjonane. HVL er partnar i Mellomalderklynga ved UiB, der Ingvil Brügger Budal sit i arbeidsgruppa, prorektor for forsking i styringsgruppa.

Av prosjekt kan særleg nemnast den fjerde internasjonale konferansen til Nordic Branch of the International Arthurian Society, «Food and Feast in the Arthurian World» som vart arrangert på HVL/Uib i mai 2021 og var eit samarbeid mellom Jens Eike Schnall, Ingvil Brügger Budal, Heidi Støa og David Brégaint. I september starta Eldar Heide podkasten «Tru og meining i gammal tid» (<https://anchor.fm/truogtanke>).

### NTNU Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU) v/Ivar Berg

Ivar Berg er den einaste fast tilsette på fagfeltet på Institutt for språk og litteratur, men norrønfilologen Kjersti Bruvoll er tilsett ved Institutt for historiske studiar, som elles har eit sterkt mellomaldermiljø. Det er to stipendiatar i eldre språkhistorie / norrøn filologi, Ingrid M. Heiene og Tom Lorenz.

Litt eldre språkhistorie inkl. norrønt inngår i det obligatoriske basisemnet «Språkhistorie og talemål» med ca. 120 studentar. Studentane møter litt norrøn tekst og lærer hovudtrekka i grammatikken (innhaldet er Berg (2019), *Språket som vart norsk*). Det er eitt fordjupingsemne i eldre språk, skiftevis fordjuping i norrønt og innføring i runologi; runekurset har hatt rekordoppmøte hausten 202.

Stipendiatane har sine prosjekt, men det er ingen større pågående prosjekt på fagområdet. NTNU har lagt opp til ei tverrfagleg satsing på mellomalderstudiar, eit *Middelaldersenter* leidd av prof. Erik Opsahl, som vonleg kan gje nye aktivitetar og prosjekt framover.

## Vedlegg 2: Rapport frå Kjeldeskriftkommisjonen

Norrøn filologi v/Odd Einar Haugen & Anna C. Horn

Sjå eiga fil.

Runologi v/Kristel Zilmer & Mette Ekker

*Norges innskrifter med de yngre runer bind 7*, av Jan Ragnar Hagland.

Medutgiver: James E. Knirk.

Dette bindet av NlyR presenterer runeinnskrifter funnet under utgravingene i Trondheim bygrunn 1971–94. Hoveddelen av manuskriptet, dvs. de 120 artiklene, ble fagfellevurdert våren 2018.

De siste årene har det av årsaker som begrenset tilgang til kontor og arkivalier samt helsemessige utfordringer vært lav progresjon på prosjektet. Knirk melder også i år om helsemessige utfordringer, både egne og i nær familie, samt andre arbeidsoppgaver som har hindret ham i å legge så mye tid i NlyR-prosjektet som han hadde planlagt. Tidsplanen er derfor justert tilsvarende.

Det har i 2022 vært bevegelse i prosjektet. Knirk har arbeidet både med skisse til forord og redigering av artiklene etter fagfellevurdering og andre faglige innspill. Han har levert prøver av redigerte artikler til redaksjonen (Zilmer og Ekker).

Mål: Manus ferdigstilles og trykkes i løpet av 2024.

## Rapport om arbeidet i Kjeldeskriftkommisjonen 2019–2022

I fireårsperioden 2019–2022 har Anna C. Horn og Odd Einar Haugen vore dei to faste representantane for norrøn filologi i Kjeldeskriftkommisjonen, medan Jon Gunnar Jørgensen og Helen F. Leslie-Jacobsen har vore dei respektive vararepresentantane (jf. vedlegget s. 3 nedanfor). Det har så langt vore halde fire ordinære og to ekstraordinære møte:

- 14. nov. 2019 (ordinært møte, fysisk)
- 19. mai 2020 (ekstraordinært møte, Teams)
- 13. nov. 2020 (ordinært møte, Zoom)
- 9. mars 2021 (ekstraordinært møte, Zoom)
- 12. nov. 2021 (ordinært møte, fysisk)
- 18. nov. 2022 (ordinært møte, fysisk)

Dei to faste representantane for norrøn filologi har ikkje hatt forfall på nokon av møta.

Dei føregåande kommisjonane, 2011–2014 og 2015–2018, vart leia av Erik Opsahl. Han og dei fleste i kommisjonen 2015–2018 kunne ikkje ta attval ettersom dei då hadde sete i to samanhengande periodar. Ei av dei få som sat over, var Hilde Sandvik. Etter framlegg frå Anna Horn vart ho vald til ny leiar av kommisjonen 2019–2022.

Innan den nye kommisjonen trer i funksjon i november 2023, skal det haldast eit tredje ekstraordinært møte i den sitjande kommisjonen, etter planen i april 2023. Dei sakene som blir drøfta då, skal leggjast til denne rapporten, som samarbeidsnemnda skal få i mai 2023.

I eit tilbakeblikk må det seiast at arbeidet i kommisjonen har vore prega av stillstand på mange prosjekt og tilbakegang på andre. Men det har også vore saker der ein kan gle seg over nye tilskot og nytt framdriv.

**Diplomatarium Norvegicum** skulle etter planen kome ut med to nye band, XX og XXIV, begge med Jo Rune Ugulen som utgjevar. Desse banda vart lagde på is i 2020, og det ser ut til å ta tid før dei kan kome ut. Den sitjande kommisjonen vil no vurdere å oppnemne ein ekstern redaksjon med inntil tre personar, der ein både får dekt kjennskap til diplomaterialet generelt og til diplom på latin. Den neste kommisjonen vil dessutan bli styrkt med ein medlem i mellomalderlatin, som kan vise seg å vere til hjelpe i kvalitetsvurderinga av arbeidet.

**Regesta Norvegica** skal etter planen kome ut med bd. XI (1431–1440) i 2024. Det kan vise seg at dette bandet blir i største laget, slik at ein vil vurdere ein kortare periode, eventuelt stykkevis publisering av regestane. Arnhild Aasen er utgjevar av dette bandet.

**Basane for Diplomatarium Norvegicum og Regesta Norvegica** vart som kjent oppbygde i regi av Dokumentasjonsprosjektet ved Universitetet i Oslo, og dei skal no overtakast av Arkivverket. Det er førebels uavklart kor mykje grensesnittet vil bli oppdatert når dei blir tilgjengelege i ny ham, men det vil under alle omstende bli arbeidd med å komplettere og klargjøre materialet. Ann Kristin Wangen held no på med å setje opp TEI-headerar for begge

basane. Inntil vidare vil den gamle løysinga på dokpro.udio.no vere i drift, sannsynlegvis til Christian-Emil Ore går av med pensjon, tidlegast sommaren 2026.

**Norges Gamle Love** (NgL) har vore under utgjeving i snart 180 år, men serien kan med fordel haldast fram, slik at ein får dekt lovaterialet fram til Christian IVs norske lov i 1604. Her har Jo Rune Ugulen og Tor Weidling lagt fram eit stort anlagt forprosjekt, som det vil bli spennande å følgje. Det er mange teksar frå 1500-talet som kan takast inn i eit slikt utgåveprosjekt. Men som dei peikar på i notatet til møtet i kommisjonen, vil ei prioritering av NgL føre med seg at andre utgåver må nedprioriterast. Hovudsaka er at ein enno ikkje har ei avklart digital publiseringssform, og dette gjer at framdrifta er usikker. Det må også ha sitt å seie at Tor Weidling kjem til å gå av med pensjon om nokre år.

**Hákonar saga Hákonarsonar** har vore i lengre tids utgjeving ved Tor Ulset, men han lykkast ikkje med å fullføre utgåva innan han gjekk av. Arbeidet blir no vidareført av Ann Kristin Wangen og Mette G. Ekker med teknisk støtte (LaTex) frå Florian Grammel. Planen er at manuset skal vere ferdigstilt i 2025, og at fagfellevurdering og trykking skal skje i 2026.

**Gammalnorske tekstar i normalisert ortografi** er eit sakn, både for norske og utanlandske forskrarar. *Íslenzk fornrit* er ein vel kjend og mykje brukt serie for utgåver av eldre islandske tekstar, men noko tilsvarande finst ikkje for dei gamle norske tekstane. For desse finst det nesten berre diplomatariske utgåver; dei er til glede for språkhistorikarar, men dei er ikkje så lette å bruke for mange andre. Under sak 4 på møtet 18. nov. 2022 fremja Odd Einar Haugen ein plan om korleis gammalnorske tekstar kan formidlast i norrøn normalortografi gjennom å supplere dei eksisterande tekstane i Menota, som i all hovudsak kjem frå Gammelnorsk ordboksverk. Planen fekk generell tilslutning i kommisjonen, som oppmoda Samarbeidsnemnda i norrøn filologi om å ta planane vidare.

**Publiseringssløysingar** for utgjevingane har vore drøfta på nesten alle møta i perioden, og særleg på dei ekstraordinære møta. Kommisjonen har talt for at det også må gjevast ut trykte utgåver i tillegg til dei digitale utgåvene, medan det kan sjå ut til at Arkivverket er innstilt på å gjennomføre ein overgang til rein digital publisering. Som ledd i arbeidet med å finne ei eigna publiseringssplattform har Arkivverket sidan 2019 testa ut ei løysing frå Svenska Litteratursällskapet i Finland (SLS), kalla *Generic Digital Edition Platform* (GDEP). Erfaringane med denne plattforma har ikkje vore særleg gode, og Arkivverket vedtok administrativt i desember 2021 å legge ned dette forsøket.

Allereie på møtet i kommisjonen 13. nov. 2020 vart prosjektet *Digital breiddeutgjeving / Editio latissima* lagt fram for kommisjonen:

<https://www.uib.no/fg/mellomalderfilologi/140155/digital-breiddeutgjeving-editio-latissima>  
Her er det m.a. ei utgåve av *Magnus Lagabøtes landslov* etter handskriftet Holm perg 34 4to ved Anna C. Horn og Robert K. Paulsen, der teksten ligg føre på tre nivå (faksimilært, diplomatarisk, normalisert) med fullstendig morfologisk annotasjon, parallel omsetjing (med samanlenking av originaltekst og omsetjing), fotografiske faksimilar i fargar, og ei kortfatta innleiing. I møtereferatet er kommisjonen sitert slik: "Kommisjonen takker for demonstrasjonen og mente dette gav fantastiske muligheter for arbeid med tekstene."

Spørsmålet om alternative publiseringssløysingar vart drøfta på nytt i møtet 18. nov. 2022 under sak 5, som var fremja av Odd Einar Haugen. Han minte om prosjektet *Editio latissima*, og orienterte dernest om utviklinga av serien *Editiones Arnamagnæanæ Electronicæ* (EAE), som er i ferd med å kome på føtene no i 2022. I eit særskilt framlagt notat drøfta han korleis ein kunne ta utgangspunkt i erfaringane frå tidlegare utgjevingsprosjekt, m.a. Ibsen-prosjektet, Holberg-prosjektet og Menota. Felles for desse er at dei legg til grunn koding i TEI-kompatibel XML, etter standardar som er veldokumenterte. Det var semje om at denne saka skulle drøftast vidare på det neste, ekstraordinære møtet i kommisjonen, i april 2023.

Bergen / Oslo, 24. nov. 2022

Odd Einar Haugen    Anna C. Horn

#### **Vedlegg: Ny Kjeldeskriftkommisjon 2019–2022**

Faste medlemmer	Varamedlemmer	Fagområde
professor Bjørn Bandlien USN	professor Geir Atle Ersland UiB	Historie middelalder
professor Hilde Sandvik UiO	førsteamanuensis Ola Teige HiVolda	Historie tidlig nytid
førsteamanuensis Øyvind Tønnesson UiA	professor Hallvard Tjelmeland UiT	Historie moderne
sektsjonsleder Dag Hundstad NLI, NB	forsker Ola Alsvik NLI, NB	Lokalhistorie
professor Odd Einar Haugen UiB	ph.d. Helen F. Leslie-Jacobsen UiB	Norrøn filologi
ph.d. Anna Catharina Horn UiO	professor Jon Gunnar Jørgensen UiO	Norrøn filologi
førsteamanuensis Kristel Zilmer KHM, UiO	professor Michael Schulte UiA	Runologi
professor Søren Koch UiB	professor Dag Michalsen UiO	Rettshistorie
professor Magne Frostad UiT	professor Vidar Halvorsen UiO	Juss